

HOG Energi  
Strandgaten 6  
5013 BERGENDato: 11.04.2014  
**Vår ref.: 2014/12933-3**  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Fylkesbudsjettet for 2014; - Partnerskapsmidlar til HOG Energi, totalt kr 790 000

Hordaland fylkeskommune har hatt ein gjennomgang av sine ulike samarbeidsavtaler/partnerskapsavtalar med ulike regionale næringsretta utviklingsaktørar. Saka har vore handsama i to omgangar i fylkesutvalet. På møtet 29.08.13 (Sak 199/13) blei det vedtatt prioriteringskriterier og forvaltingsregime for slike partnerskapsavtaler. Dette inneber mellom anna at alle avtaler skal omgjerast til 3-årige avtaler og at fornying av avtalene skal vurderast i tråd med prioriteringskriterier og handsamast politisk. Fordeling av støtte til dei ulike utviklingsaktørane blei handsama av fylkesutvalet 19.02.2014 (Sak 54/14). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Dei politiske sakene finn de [her](#).

i Sak 54/14 blei det gjort vedtak om at HOG Energi skal få ei støtte for 2014 på kr 890 000 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott». Av denne summen går kr 100 000 til årskontingent i HOG Energi. Det resterande beløpet, kr 790 000 blir utbetalt som driftstilskott.

Vi har med dette gleda av å melde at vi no utbetaler **kr 790 000** til dykkar bankkonto 3624 33 17724 som fylkeskommunen sitt driftstilskott for 2014. Midlane skal nyttast i tråd med partnerskapsavtalen.

Samstundes vil vi gjere merksam på at fylkesutvalet i Sak 54/14 har vedtatt å vidareføre partnerskapsavtalen med HOG Energi berre for 2014. Dette inneber at samarbeidet med dykk må vurderast i tråd med dei prioriteringskriterier som er vedtatt. På bakgrunn av denne vurderinga må det så fremmast ei sak til politisk handsaming om eventuell forlenging av samarbeidet mellom Hordaland fylkeskommune og HOG Energi for ein ny 3 års periode. Vi vil ta direkte kontakt med dykk om dette.

Som ein konsekvens av den omlegginga som no skjer knytt til fylkeskommunen sin støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar, vil vi invitere alle aktørar som mottar støtte frå fylkeskommunen til eit dialogmøte 3. juni. Her vil vi informere nærare både om omlegginga av partnerskapsstøtte og om prioriteringane i næringsplanen og tilhøyrande «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordland 2014» (HNN 2014). Vidare vil det bli sett av tid til innlegg frå nokre av partnarane og til diskusjon og spørsmål. Det vil bli sendt ut eiga invitasjon til møtet, men vi ber dykk alt no merke av datoen.

Tilsegnsnittakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. Vi gjer og merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Arthur K. Arnesen, telefon 970 93 086, e-post [arthur.kristian.arnesen@hfk.no](mailto:arthur.kristian.arnesen@hfk.no)

Vi ønskjer dykk lykke til arbeidet med å realisera mål og strategiar for næringsutvikling i energisektoren slik det går fram av vår partnerskapsavtale.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

Kopi: Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*